



Jørgen Wessel Ottesen  
Beitingsvegen 196  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/109 - 18/1612

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
26.01.2018

## Godkjenning - GBNR 4/6 - Løyve til installasjon av stålpipeline og eldstad - Beitingen

### Administrativt vedtak. Saknr: 22/2018

**Tiltakshavar:** Jørgen Wessel Ottesen  
**Ansvarleg søkjar:** Varme AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Varme AS har på vegne av tiltakshavar, Jørgen Wessel Ottesen, søkt om løyve til oppføring av Jøtul stålpipeline på gbnr. 4/6.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 11.1.2018.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket har ikkje vore nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd. Ettersom tiltaket i lita grad berører naboar sine interesser, finn kommunen likevel ikkje grunnlag for å krevje nabovarsling, jf. andre ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av stålpipeline er ein «konstruksjon» etter pbl § 20-1 bokstav a), og er søknadsppliktig med krav om ansvarleg føretak etter pbl § 20-3, jf. § 20-2.

#### Tiltaket si plassering:

Ansvarleg søkjar har opplyst at tiltaket skal erstatte tidlegare godkjent pipeline som er fjerna. Meland finn ikkje grunnlag for å vurdere plasseringa nærare.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Tiltaket si utforming og utsjånad:

Administrasjonen finn at ei stålpipe stettar krava til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 11.1.2018. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

Ansvarleg søkjar skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

**VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a) løyve til installering av stålpipe og eldstad på gbnr. 4/6, jf. søknad journalført motteke 11.1.2018.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jørgen Wessel Ottesen  
Varme AS

Beitingsvegen 196 5918  
Postboks 20 5822  
Kristianborg

FREKHAUG  
BERGEN